

# KULTUR

Ålesund Symfoniorkester slo til i helga:

## Nyttårskonserten - eit musikalsk festfyrverkeri!



**Takkar for applausen:** Kor og orkester og fremst frå venstre dirigent Helge Haukås, Marianne Ravn Stavseng som er leiar for operakoret, sangsolistane Robert Juvik og Marianne Juvik Sæbø og konferansier Karoline Isaksen.

**Det var høg stemningsfaktor både under konserttering og i pausen då Ålesund Symfoniorkester inviterte til nyttårskonserten i Parken kulturhus laurdag og søndag. Solistar, kor og orkester under inspirerende leiing av dirigenten Helge Haukås skapte det reine reine musikalske festfyrverkeriet som fekk det til å koke i salen.**

BB • KJELL OPSAL

Alt klaffa og manifesterte at nyttårskonserten er blitt flaggskipet for symfonikarane og medaktørane.

Her var fleire høgdepunkt der vi plasserer på toppen solistduellen mellom dirigent Helge Haukås på trompet (miniutgåve) og Marianne Juvik Sæbø i Händels "Let the Bright" frå Samson..., og same sangsolist i den vakre "Gabiellas song" med sterk assistanse av orkester og Ålesund operakor.

Men når dette er sagt så var heile konsertprogrammet ei sann nytting. Frå den festlege overtyren frå Offenbachs "Den skjøne Helen", til vidare potpurriet henta frå "Operafantomet". Her inntok den andre sangsolisten, Robert Juvik, scena og utvikla etterkvart både dramatik og massevis av humor attåt den mektige sangen. Ikkje minst tok det av i musikken frå "Barberen i Sevilla", eit av Rossinis mest kjende verk.

Med utlånte symfonistøtter som demonstrasjonsobjekt svinga barberen kniven medan skumdottane fauk...

I andre avdeling var vi innom både Czardasfyrstinnen, "Spelemann på taket", Strauss og "Flaggermusen" og Irving Berlins herlege sangduell "Anything I can do..." frå musikalen "Annie get your gun".

Og nesten heilt til slutt, nydeleg utdrag frå "West Side Story" med solistane, koret og orkester. Naturlegvis kvitterte symfonikarane for den kraftige applausen

med kjenningsmelodien frå alle nyttårskonsertar, frå Wien via Vestnes til Ålesund, "Radetzky-marsjen"!

Konserten var oppløftande på alle vis. Her er det ingen grunn til å trekke frå i superlativa. Sangsolistane Marianne Juvik Sæbø og Robert Juvik var suverene i sitt meisterskap. Operakoret med Marianne Ravn Stavseng som leiar var i storslag. Har vi høyrte dei betre nokon gong? Konferansier Karoline Isaksen hadde sikkert tak på presentasjon av dei forskjellige innslaga og krydra gjerne med litt småhisto-

rier. Fint.

Ålesund Symfoniorkester imponerte stort i den temamessig vidtfamnande konserten, frå det vare og elegante som i balettmusikken frå "Faust" til den mangesidige "Festpolonaise" komponert av ålesundaren Dagbart Stafseth i 1915. Ut i frå pianostemma har Kjell Kipperberg skrive ut eit spennande arrangement der han utnyttar symfoniorkesteret fullt


ut. Ein festleg komposisjon og imponerande arrangement.

Dirigenten Helge Haukås må vere eit stort aktivum for eitkvart orkester og korps. Han sette sitt sterke preg frå dei elegante og vare detaljane til det mektige tonebruset som fylte kultursalen. Rett og slett ein flott konsert der alle medverkande skapte ei musikalsk feststund av dei sjeldne.



**Stjernesolistar med veltente blomster, Robert Juvik og Marianne Juvik Sæbø.**

## Spennande vår ved ID-huset i Brattvåg



Ole Paus(t.v) og Uhørt-vinnar Mikhael Paskalev er artistar som vil halde konsert på ID-huset i h.h.v. april og mars.

**Det blir ei spennande tid i møte for brukarane av ID-huset. Delar av bookinglista til våren er nemleg klar.**

BB • MARI B. OPSAL

Det vil bli noko for ein kvar smak når Ingebrigt Davik-huset presenterar delar av

programmet sitt for våren 2013. Så langt er det planlagt konsertar med Jonas Alaska, Uhørt-vinnar Mikhael Paskalev og visesongaren Ole Paus. Den kritikerroste countrydronninga Ida Jenshus og folkekjære Toralv Maurstad er også på lista over artistar som entrar scena i Brattvågen.